



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/234914-2

Dykkar referanse: Vår dato:  
18/1769 – 18/22395 13.11.2018

### Handsaming av dispensasjon – Bruksendring av hytte til heilårsbustad – gnr. 41 bnr. 28 og 67 – Meland kommune

Vi viser til brev datert 23.10.2018 med orientering om vedtak om bruksendring av hytte til heilårsbustad for gnr. 41 bnr. 28 og 67 i Meland kommune.

Det går fram av sakspapira som ligg ved vedtaket, at dispensasjonssaka har vore på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og til Hordaland fylkeskommune. Statens vegvesen har ikkje vore høyrd i saka. Statens vegvesen er fagmynde for vegtrafikk, og forvaltar fylkesvegnettet på vegne av Hordaland fylkeskommune. På den bakgrunn meiner vi at saka også skulle vore sendt oss for uttale, for å sikre ei heilskapleg sakshandsaming.

Fv. 245 Ådlandsvegen er særskild nemnd i føresegna til kommuneplanens arealdel, § 1.5.6. I saksutgreiinga til denne saka går det fram at Meland kommune har gjort ei vurdering av i kva grad tiltaket vil medføre meirbelastning på fv. 245. Dette viser at kommunen vurderte vegtilhøva som relevante for saka.

I sakspapira er det vidare vist til at Meland kommune i sak 15/537 har gjeve løyve til bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad for eigedom gnr. 37 bnr. 21, med følgjande grunngjeving:

*«Utval for drift og utvikling legg vekt på at bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad berre i liten grad vil innebere trafikkaukande tiltak på strekninga Litlebergen-Ådlandsvegen, fordi eigedomen allereie er frådelt og utbygd med fritidsbustad, og fordi tiltaket ikkje inneber auka tal på bueiningar på eigedomen.»*

Ein heilårsbustad har normalt vesentleg meir trafikk enn ein fritidsbustad. Etter vår vurdering kan ikkje dette leggast avgjerande vekt på, sjølv om den relative trafikkauken på vegen er liten. Vi ser og at saka skapar presedens for andre saker på vegstrekket, og desse tiltaka vil

til saman kunne har like stor verkand som eit byggjefelt. Etter kva vi kan sjå, har heller ikkje saka knytt til gnr. 37 bnr. 21 vore til høyring hos Statens vegvesen.

Statens vegvesen er negativ til at kommunen har etablert ein praksis der dei gir løyve til tiltak knytt til fv. 245 før vegen er utbetra, og utan å gi alle relevante offentlege partar høve til å komme med merknad og opplyse saka. Vi ber om at kommunen endrar denne praksisen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN